

# Nyheitsbrev

## Goddo Grendalag

Utgåve nummer 4      Oktober 2022

Her kommer litt frisk informasjon fra Goddo Grendalag.

**Styremøte 22.09.2022**

### Barmane

Friluftsrådet Vest var på Barmane i sommar og la på plass ny flytebrygga i betong, med tilhøyrande landgang. Dette er ein god start og me håpar dei vil komma tilbake for å fortsetja med ny landgang heilt inn til land.

### Beising

Ungdommane som beisa i sommar gjorde ein god jobb med å beisa benkar og busskur til glede for alle som brukar området 😊

### Strandrydding

Strandryddinga er ein nasjonal dugnad som heile Bømlo har vore med på i mange år, men sidan den var flytta til hausten så har naturlegvis interessa dala ein del, da værforholda ikkje alltid er dei beste, her på hausten. Goddo Grendalag fekk tross været, inn 28 sekkar med marint søppel 😊

Kvifor ikkje strandrydde i mai? *Når fuglane forstyrast i hekketida, kan det gå ut over deira evne til å beskytte eggene og ungane mot kulde og fiendar. Dersom ein sårbar art blir forstyrra, kan det føre til at det ikkje blir ungar i det hele tatt det året. Naturvernrådgivar i Norsk Ornitoligisk Foreining (NOF) Martin Eggen anbefaler strandryddera å være tidleg ute og påpeker også at det er forskjell på nord og sør. Våre aller tidlegaste hekkearter er rovfuglane og uglene. Havørna kan legge egg allereie i februar. Hubro er en art som også begynner etableringa ved reirplassen tidleg, og som lett skyr området ved for mye forstyrrelsar. Også andre arter kan hekke tidleg, for eksempel ruter grågåsa på egg enkelte steder allereie i mars. Skal man rydde i Sør-Norge på våren er det fint å gjøre det før 1. april. Husk også at marint avfall kan plukkast hele året, og om høsten er man sikker på å ikkje forstyrre fuglane! Ref.: <https://naturvernforbundet.no/ryddeaksjoner/bli-med-a-strandrydde-for-fuglene-article40098-4183.html>*

## Kystsonglaget

Arrangement-gruppa booka Kystsonglaget til musikk, lott & løye på laurdagskvelden, etter strandryddinga. Kvelden vart ein kjempe suksess om me må sei da sjølv. Det var ca. 70 personar som møtte opp og hadde det kjempekjekt 😊 Det var ein god blanding av alle aldra, frå 18 til godt over pensjons-alder. Håpar arrangement-gruppa vil gjenta dette ved ein seinare anledning 😊

## Halloween

Det vil bli arrangert eit arrangement for dei yngste i bygda, helga 28.-30. oktober. Info om det vil komma, litt seinare.

## Grenda treff

Det vil mest sannsynleg bli noko for dei eldre også, helga 28.-30. oktober 😊 Følg med, informasjon kjem. Ps. Med eldre så meina eg frå ca. 20 – 100 år



## TV-aksjonen 2022

TV-aksjonen NRK 2022 går i år til Leger Utan Grenser og DNDIs arbeid for å gi livreddande helsehjelp og medisinar til menneske som trenger det mest. I år går TV-aksjonen av stabelen 23. oktober. Me håpar du vil ta godt i mot bøsseberarane som vil gå frå dør til dør, mellom 15:00-18:00 søndag 23.oktober.

## Har du innspel til aktivitetar eller noko du vil dra i gang, nøl ikkje, ta kontakt i dag 😊

*Eit lite innblikk i styrearbeidet til Goddo Grendalag 😊*

Helsing

Styret